

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OFFENTLG ETTERSYN

Plannamn	Detaljregulering for Snekkevika, Del av gbnr. 464/41, m.fl.
Arealplan-ID	46312020007
Saksnummer	20/1094
Utarbeidd av	Arkoconsult AS
Sist revidert	31.05.2023

Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstills kommentar
Offentlege		
1. Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avd. (NGIB) 30.06.2022	Det må legges til rette for tilkomst for brannbil til sjø, når sjøvatn skal nyttast som slukkevann.	<p>Vert teke til etterretning. Sidan ein ikkje legg opp til ein løysning som tilfredsstillar preakepte ytelser i TEK17 (avstandskrava), har ein hatt ein dialog med brannvesenet vedr. løysingar for tilkomst og slokkevatn. A/STAB har utarbeida eit brannteknisk notat som gjev ein vurdering av brannvesenets moglegheiter for slukking, gitt dei begresingane som er i området.</p> <p>I notatet vert det lagt til grunn at brannsikkerheit og sløkkevatnsforsyning baserast på følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tankbil er primær vasskjelde. • Som supplerande vasskjelde nyttast sjø eller Kjesettjørna. • Slangeutlegg frå brannbil til brannobjekt og frå supplerande vasskjelde til brannbil vil i enkelte tilfelle vere økt sml. Med 2x50. <p>Då området er utanfor definisjonen av tettstad og fritidsbustadane førast opp med meir enn 8 m innbyrdes avstand er det liten fare for brannspreiingsfare. Tilfredsstillande brannsikkerheit vurderast som ivaretake med ovannemnte løysing. I forbindelse med byggesak og oppføring av fritidsbustadane forutsetjast det at det utarbeidast brannkonsept og vidare at slukkevassforsyninga dokumenterast som fråvik.</p> <p>Brannvesenet har hatt notatet over til gjennomgang.</p>
2. NGIR 07.07.2022	<ol style="list-style-type: none"> 1) Kvar einskild hushald har rett på 2 dunkar til levering av avfall kvar veke. 2) Det må settast av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar). Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. 3) Det bør vurderast moglegheit for nedgrave avfallsløysingar. 4) Hytter leverer avfall til felleskonteinarar plassert ulike plasser i kommunen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til etterretning. 2) Det er sett av areal til felles oppstillingsplass for avfall. 3) Vert ikkje aktuelt for hytteområdet. 4) Vert teke til etterretning. Det er sett av areal til øvrige kommunaltekniske anlegg, der det er mogleg å legge til rette for ein nye felles avfallsbehaldarar.

	<p>5) Tilkomstvegar må ha tilstrekkeleg breidde og tote tilstrekkeleg akseltrykk for renovasjonsbil.</p> <p>6) Hentestadane bør ligge i plant område.</p> <p>7) Renovasjonsvil må kunna gjera snuoperasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkjøringsveg.</p> <p>8) Leikeplass og liknande bør ikkje ligge i nærleiken av hentestadane.</p> <p>9) Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyta når det er snø og is.</p>	<p>Planen opnar også for at ein kan nytte eksisterande hyttekonteinarpunkt i nærområdet, dersom det skulle vise seg at dette er ein betre løysing.</p> <p>5) Teke til følgje. Tilkomstvegane er dimensjonert etter liten lastebil (LL).</p> <p>6) Teke til følgje. Det er lagt inn eit føresegns som seier at området ved renovasjonsanlegget skal planerast.</p> <p>7) Området sett av til nye avfallsbeholdarar er lokalisert i tilknyting til parkeringsplassen f_SPA1, kor det er moglegheiter for å snu.</p> <p>8) Teke til følgje. Det er ikkje leikeplass veg hentestaden.</p> <p>9) Tilkomstveg til planområdet er grusa. Det vert ikkje stilt krav til asfaltering av vegane.</p>
3. SVV – Statens Vegvesen 13.07.2022	<p>Arealpolitiske føringer for planarbeidet</p> <p>1) Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging m.v. SVV vier til statlege nullvekstmål. Reguleringsløysingar må så langt mogleg ivareta at utbygging av planområdet vert gjort minst mogleg bilavhengig og at det vert attraktivt med gange, sykkel og kollektiv.</p> <p>SVV sin merknadar til planforslaget</p> <p>2) SVV ser behov for eit rekkefølgjekrav i føresegndene om at ny fylkesveg skal vere opna for bruk før det kan gjevast bruksløyve for nye fritidsbustader innanfor planområdet.</p> <p>3) I framlegget er det tatt inn rekkefølgjekrav til utbetring av avkørsle til planområdet (O_SV1). Rekkefølgjekravet er knytt til mellombels bruksløyve for fritidsbustader. SVV minner om at også anleggsvåkørsle skal ha utforming i tråd med vegnormalen N100. Dimensjonerende køyretøy skal leggjast til grunn for utforminga. Dette punktet må avklarast nærmare med Vestland fylkeskommune før ein vedtar reguleringsplanen for Snekkevika.</p> <p>Statens vegvesen har utover dette ingen vesentlege merkndar til planframlegget.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til følgje. Det er lagt inn eit føresegns som seier at ny trasé for fylkesveg 565 skal vere opna for bruk før det kan gjevast bruksløyve for nye fritidsbustader innanfor planområdet.</p> <p>3) Vert teke til følgje. Rekkefølgjekravet til utbetring av avkørsla mellom fylkesvegen og tilkomstvegen er no knytt til igangsetjingsløyve.</p>
4. Naturvernforbundet Nordhordland 04.08.2022	<p>1) Naturvernforbundet meiner framlegg til ny reguleringsplan vil vera øydeleggande for friluftsområdet i Snekkevika, som i dag ligg fint skjerma utan store synlege inngrep i nærleiken. Badeplassen er populær og mykje nytta av folk på Radøy. 22 nye fritidsbustader inkl. naust og småbåthamn vil omkransa friluftsområdet og badevika, privatisera nærområdet og redusera naturopplewinga monaleg.</p> <p>2) Auka båttrafikk frå småbåthamna ut gjennom det smale sundet forbi friluftsområdet vil føre til mykje høgare støy nivå og redusera tryggileiken for dei som badar i vika.</p> <p>Naturvernforbundet vil difor be om at reguleringsplanen frå 1985 vert vidareført med ei øvre grense på totalt 6 fritidsbustader.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning. Området er sett av til fritidsbustad i overordna plan, og ein ser såleis at det er naturleg at ein nyttar området til dette føremålet. Badeplassen ligg eit stykke unna planområdet, og har tilkomst via eigen skogsveg frå fylkesvegen. Hyttefeltet vert naturleg skilt frå badeplassen av sundet, og terrenget i området gjer at naturleg tilkomst mellom badeplassen og hyttefeltet vert via skogsveg frå fylkesvegen. Nokon hytter vil vere synleg frå badeplassen, men avstanden mellom områda, samt separat tilkomst, gjer at ein vurderer hyttefeltet ikkje vil ha ein privatiserande effekt på badeplassen. Naustområdet og småbåthamnen som låg tettast på badeplassen (tvers over sundet) er tatt ut av planen.</p>

		<p>2) Vert teke til etterretning. Småbåthamna (kalla f_VS2 i planen som vart lagt ut for offentleg ettersyn) er tatt ut av planen. Ein legg såleis ikkje opp til auka trafikk gjennom sundet, forbi badeplassen.</p>
<p>5. Fiskeridirektoratet 18.08.2022</p> <p>Fiskeri</p> <p>1) I området utanfor planområdet er det registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Fiskeridirektoratet rår til å utvide perioden der utfylling i sjø ikkje skal gå føre seg til å inkludere januar månad.</p> <p>Småbåthamn</p> <p>2) Viser til rapporten <i>Miljøvennlige småbåthavner</i> utarbeida COWI AS i 2017 på oppdrag for Miljødirektoratet. Rapporten inneholder generelle retningslinjer for drift og utvikling av småbåthamner for å gjøre dei meir miljøvenlege. Fiskeridirektoratet oppmodar tiltakshavar til å nytte desse retningslinjene.</p> <p>3) I tillegg syner Fiskeridirektoratet til CIENS-rapport 2-2022 <i>Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus</i>, som gir ei rekke råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast:</p> <p>Lokalisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Småbåthamner må planleggast slik at dei ikkje avgrensar naturleg sirkulasjon stort av tidevatn og straum • Området bør ha god utskifting av vatn og god vassdjup under bryggjeanlegget. • Unngå plassering over/nær viktige marine naturtypar som ålegrasenger eller andre sårbar naturtypar, viktige områder med blautbotni i strandsona, og lokalitetar med sårbar og trua artar på land. • Det bør vere stor nok avstand til kjente gyteplassar og fiske/skjelanlegg i sjøen. <p>Utforming</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innlaup og bryggjeanlegg må planleggast slik at dei opprettheld vassirkulasjonen maksimalt. Det kan vere naudsynt med meir enn ein innlaup. • Flytegrygger, bølgjebrytarar og molo må ha opningar som sørger for vassirkulasjon. Bryggene bør også ha passasje mot land der vatnet kan strøyme forbi. • For nye båthamner eller ved utviding av eksisterande båthamner bør ei open løysing veljast. • Bølgjedemparar eller bølgjebrytarar bør nyttast framfor å leggje hamna i veldig skjerma områder. <p>Drift</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det må etablerast rutinar for oppsamling av miljøfarleg avfall og vedlikehald. 	<p>1) Det er ikkje planlagt utfylling i sjø. Føresegna som omhandlar utfylling i sjø er teke ut av planen, slik at ein ikkje opnar for at dette kan skje innanfor området. Det er lagt inn ein føresegn som begrensar perioden for anleggsarbeid i sjø for etablering av avlaupsanlegg.</p> <p>2) Vert teke til etterretning. Rapportane er sett over i samband med planarbeidet. I denne planen legg ein berre opp til ein ny flytebrygge i tilknyting til nye naust, og det er ikkje snakk om ein småbåthamn av større skala der det også vert lagt til rette for fasilitetar for båtopplag, båtslipp, etc.</p> <p>3) Vert teke til etterretning.</p> <p>Lokalisering: Taulsvågen er generelt ein smal våg, men flytebrygga er planlagt ut mod ein open del av fjorden, der avstanden til andre sida av vågen er i underkant av 600 m. Ein reknar med at vassutskiftinga her er betre enn inst i Snekkevika. Det er ikkje kjennskap til viktige marine naturtypar i området. Konsekvensar for naturmangfald er vurdert i KU for naturmangfald og klima, sjå vedlegg til planen.</p> <p>Utforming: Det er planlagt ein flytebrygge ut i vågen, så det vil ikkje vere aktuelt med fleire innlaup til området. Det er ikkje aktuelt med molo. Vidare detaljar knytt til utforming av anlegget vert relevant ved bygesak.</p> <p>Drift: Den nye småbåthamna ein legg opp til er av ein liten skala, og det vert berre lagt til rette for 24 nye båtplasser i tilknyting til naust. Det er ikkje planlagt båtopplag, båtslipp eller liknande. Ein ser såleis at fleire av punkta som vert vist til i merknaden ikkje er relevante for denne planen.</p> <p>4) Vert teke til etterretning. Forhold knytt til det marine verneområdet er avklart med Statsforvaltaren i Vestland. Det er søkt om dispensasjon for etablering av ny flytebrygge og avlaupsanlegg med utslepp i sjø. Dispensasjonen er innvilga, og vedtaket følgjer som vedlegg til planen.</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> Det bør vere tilbod om alternative metodar for miljøvenleg vedlikehald av båt. Det bør vere eit avgrensa område for vedlikehald av båt og vask, med lukka vassystem og oppsamlingskummar slik at miljøfarlege stoff ikkje kjem ut i det marine miljø eller avlaupssystemet. Større reparasjonar, sandblåsing etc. bør skje innandørs i hall. Ein må ha vasestasjon for båtar slik at bruk av midlar som skal hindre tilgroing kan unngåast/reduserast. Lett tilgjengeleg tømmestasjon for båttoalett. <p>Fiskeridirektoratet ber om at råda ovanfor vert følgt der det er relevant, og at det takast med i føresegna til planen.</p> <p>Marint verneområde</p> <p>4) Snekkevika ligg i det marine verneområdet Lurefjorden og Lindåsosane som regulerast av eiga forskrift. Fiskeridirektoratet føreset at planen er i tråd med krav i forskrifta, og at dette avklarast med Statsforvaltaren i Vestland.</p>	
6. Kystverket 18.08.2022	<p>Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS som er hammemynde etter §14 i havne- og farvannsloven.</p> <p>Kystverket ber om at dette vert tatt med i føresegna.</p>	<p>Vert teke til følgje. Søknadsplikta er allereie inkludert i føresegna: §6.1 a) <i>For tiltak som bygging, graving eller liknande, som kan påverketryggleik eller framkoma i sjøområdet, skal det ligge føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen.</i> Løyve frå Bergen og Omland Havnevesen skal ligge føre før det vert gjeve rammeløyve.</p>
7. Vestland fylkeskommune – avdeling for infrastruktur og veg (INV) 18.08.2022	<p>Avkjørslar til fylkesveg</p> <p>1) Ber om at svingradius for avkjørslene til fv. 565 vert talfesta i tekniske teikningar.</p> <p>2) Minner også om at anleggsavkjørsle skal ha utforming i tråd med handbok N100. Dimensjonerande køyretøy skal leggast til grunn for utforminga. Det er uklart kva som vert dimensjonerande køyretøy for avkjørsla og VLFK ber om meir informasjon om dette.</p> <p>3) Det er teikna inn to avkjørselspilar like nord for avkjørsla mellom fritidsbustadane i planområdet og fylkesvegen. VLFK meiner at dersom avkjørslane skal vera med, må dei regulerast og ikkje berre visast med avkjørselspil.</p> <p>Rekkefølgjekrav</p> <p>4) Statens vegvesen skriv i sin uttale datert 13.07.22 at det er behov for å ta inn eit rekkefølgjekrav om at ny fylkesveg skal vera opna for bruk før det kan gjevast bruksløyve for nye fritidsbustader innafor planområdet. VLFK stiller seg bak dette forslaget og ber om at dette vert teke til følgje.</p>	<p>1) Vert teke til følgje. Svingradius er talfesta i tekniske teikningar.</p> <p>4) Vert teke til følgje. Rekkefølgjekravet for opparbeiding av avkjørsla til planområdet er endra, slik at det er knytt til igangsetjingsløyve. Dimensjonerande køyretøy som er lagt til grunn for utforminga er liten lastebil (LL).</p> <p>2) Vert teke til følgje. Avkjørsler er regulert basert på eksisterande situasjon/FKB-data for området.</p> <p>5) Vert teke til følgje. Rekkefølgjekravet til utbetring av avkjørsla mellom fylkesvegen og tilkomstvegen er no knytt til igangsetjingsløyve.</p>

<p>8. Bergen Havn og Farvannsforvaltning IKS (BHF IKS) 23.08.2022</p>	<p>1) Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, BHF IKS presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs.</p> <p>2) Plankartet viser ikke konkrete tiltak, BHF IKS ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet kan BHF IKS ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som de er satt til å ivareta.</p> <p>3) Det minnes om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller ferdelsen i sjøområdet krever tillatelse fra BHF IKS, jf. hfl. § 14, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør tas inn i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes til BHF IKS i god tid før tiltak iverksettes.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til etterretning.</p> <p>3) Vert teke til følgje. Søknadsplikta er allereie inkludert i føresegna: <i>For tiltak som bygging, graving eller liknande, som kan påverketryggleik eller framkoma i sjøområdet, skal det ligge føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen. Løyve frå Bergen og Omland Havnevesen skal ligge føre før det vert gjeve rammeløyve.</i></p>
<p>9. Vestland fylkeskommune – avdeling for kultur, idrett og inkludering (KII) 26.08.2022</p>	<p>1) VLFK ser at deira innspel tidlegare i prosessen er tilfredsstillande ivareteke i plankart og føresegn. Bandleggingssone og omsynssone er lagt inn i plankartet for å sikre at nye tiltak ikkje kjem i konflikt med steinalderlokalitetar. Talet på hytter er redusert.</p> <p>2) Når det gjeld kulturminne får nyare tid finn ein i planområdet ein stemmegard og restane av eit kvernhus, samt to nausttufter. VLFK har også vore opptekne av tiltaket sin nær- og fjernverknad frå sjøsida når det gjeld arkitektonisk utforming og verknad i landskapet. Tiltaket ligg innafor omsynssonan for den Indre farleia. VLFK ber om at ein i § 3.1 i føresegnene også legg til eit punkt som går på korleis lyssetting av bygg og eventuelt infrastruktur skal utformast då dette har svært mykje å seie for fjernverknaden av tiltaket frå sjø.</p> <p>3) VLFK meiner utforminga av naustrekka i BUN6 slik denne er illustrert vil danne ei negativ og bastant barriere i landskapet. Denne harmonerer ikkje med omkringliggende landskap og bygningsmasse. Ein må søke å få til ei oppsplitting av volum, slik at ein får for får for passasjar innimellom bygga. Utnyttingsgrada, både i høgde og areal, er etter VLFK sin vurdering for stor.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til etterretning. Føresegna er oppdatert med tanke på lyssetting. Det skal ikkje etablerast veglys langs vgar og gangvegar i hyttefeltet. Det er også stilt krav om det det ikkje skal nyttast blandande lyssetting ved småbåthamnene. Når det gjeld planlagde fritidsbustader, meiner ein at det er vanskeleg å sette krav ved dette planstadiet som begrensar bruken av lys.</p> <p>3) Vert ikkje teke til følgje. Området er allereie bygd ut med store naust. Slik vi ser det, vil det vere naturleg at nytt naust vert etablert i same stil som dei nausta ein allereie finn i området. Kommunen har kome med tilbakemelding om at nytt naust kan etablerast med same utforming som eksisterande. Den eine delen av naustet skal i tillegg vere open for passasje. Den opne delen av naustet vil bidra til at naustrekka ikkje opplevast som like dominante i forhold til landskapet rundt.</p>
<p>10. Bergen og omland friluftsråd (BOF) 29.08.2022</p>	<p>1) BOF vil spele inn forslag om at Snekkevika friluftsområde vert sikra med tilkomstveg (ein korridor langs dagens sti/turveg) og offentleg parkeringsplass m/handikap-plassar, slik som (delvis) synt på kartet i planforslaget. BOF oppfordrar til at det må bety innløysing av arealet, slik at enten Alver kommune eller BOF står som grunneigar, og kan utvikle arealet som eit offentleg, statleg sikra friluftsområde.</p>	<p>1) Badeplass, tilkomst til denne, samt parkeringsplass ved fylkesvegen vert regulert som offentleg, og planen opnar såleis for at kommunen kan ta over områda. Alver kommune må sjølv ta stilling til om dette er aktuelt med innløysing av arealet.</p>

	<p>2) BOF meiner ein slik løysing, om mogleg, bør vere eit vilkår (rekkjefølgjekrav) i planarbeidet. Det bør vere forslagsstilar sitt bidrag (ansvar) å få sikra arealet mot grunneigar, samt bidra med investeringskostnader til basistilretteleggingstiltak innan friluftsliv, som utbetring av tilkomstveg og parkeringsplass-areal, bygging av utetoalett, universelt utforma flytebryggjeanlegg (UU-anlegg), gapahuk, og/eller tilsvarande installasjonar som typisk er å finne i eit off. friluftsområde.</p>	<p>2) Vert ikkje teke til følgje. Det vert ikkje stilt krav om at forslagsstilar skal opparbeide badeplassen. Dette har vore avklara med Alver kommune undervegs i planprosessen.</p>
<p>11. BKK 30.08.2022</p>	<p>Distribusjonsnett for strøm</p> <p>1) Innenfor det aktuelle planområdet berøres BKK Netts distribusjonsnett. Omlegging av anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.</p> <p>Generelle bestemmelser</p> <p>2) Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningensnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostandene med tiltaket, inkludert eventuelle kostander erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det BKK Nett har til de eksisterende traséene.</p> <p>3) Dersom planen forutsetter at eksisterende høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trasé og/eller nettstasjon(er).</p> <p>4) Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning i området, f.eks. solcelleenergi, ønsker BKK at dette avklares så tidlig som mulig, da dette påvirker behovet for elektrisk strøm.</p> <p>Særskilt om eksisterende høyspennings luftledning</p> <p>5) Høyspenningsluftledningene som ligger innenfor planområdet har et byggeforbudsbelte på totalt 6 meter, 6 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. BKK ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål tresé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jf. pbl §12-5 nr. 2 eller som hensynssone (faresone).</p> <p>6) Det må ikke iverksettes oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledninger. BKK ber om at det i reguleringsbestemmelsene inntas bestemmelse om at det i klauseringsbeltet for luftledning ikke kan oppføres bygninger, foretas graving, utfylling eller gjøres andre tiltak uten tillatelse fra ledningens eier.</p> <p>Behov for strøm og ev. nye nettstasjoner</p> <p>7) For å sikre strøm til by bebyggelse, må det settes av plass til og ev. etablere ny nettstasjon i området. Det bør også planlegges for lavspent distribusjon i planområdet.</p> <p>Inntegning på plankart</p> <p>8) BKK gjør oppmerksom på at traseer for kabelanlegg i bakken ikke må inntegnes i plankartet.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til etterretning.</p> <p>3) Vert teke til etterretning. Planen forutsetter ikkje at eksisterande høgspent må flyttast.</p> <p>4) Det er ikkje tatt stilling til om det er aktuelt med solcelle ved dette stadiet av planarbeidet.</p> <p>5) Vert teke til følgje. Det er lagt inn omsynssone H370 Høgspenningsanlegg (faresone) ved eksisterande høgspenningsanlegg. Faresona er lagt inn med ein breidde på totalt 16 m.</p> <p>6) Vert teke til følgje. Det er lagt inn ein føresegn som poengterer dette (§5.1.1 c).</p> <p>7) Det er sett av eit eige område som kan nyttast til etablering av ny nettstasjon, dersom det vert behov for dette. Området er kalla f_BE, og er lokalisert sentralt i planområdet, like ved tilkomstvegen til hyttefelta.</p> <p>8) Vert teke til følgje. Kabelanlegg i bakken vert ikkje teikna inn i plankartet.</p>

<p>12. Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivillighet, Alver kommune 30.08.2022</p>	<p>Innafor planområdet er det fleire område med kvalitetar som er viktige for friluftslivet. Dette gjeld særleg badeplassen og tilkomst til denne, men også Kjesettjørna som både vert nytta til roing, fisking, og til å gå på skøyter om vinteren, samt ein tursti som går frå båthamna i Snekkevika og mot Haugstad. Det er også fleire kulturminne innafor planområdet: automatisk freda lokalitetar, eit par naustgrunnar ved badeplassen, og ein stemmegard og restar etter kvernhuset ved elva som renn frå Kjesethjørna til sjøen.</p> <p>Badeplassen</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Det er eit stort ynskje lokalt om at badeplassen igjen vert betre tilrettelagt og får jamleg vedlikehald. Bergen og omland friluftsråd skriv i sin uttale at det er ynskjeleg at området kring badeplassen, tilkomsten (o_GT) og parkeringsplassen vert innløyst og statleg sikra. Alver kommune, avd. for kultur, idrett og frivillighet er samde i dette. 2) I kap. 4.3.2 i føresegnene er det nemnd fleire tiltak som skal vera tillatt innafor o_GF1. Alver kommune, avd. for kultur, idrett og frivillighet ber om at også gapahuk og stupebrett vert tatt med her. <p>Båtplassar</p> <ol style="list-style-type: none"> 3) Av omsyn til badeplassen bør det ikkje etablerast fleire båtplassar i Snekkevika. Fleire båtplassar vil føre til auka trafikk, støy og uro, bølger og potensielt fleire farlege situasjonar for badande. Ber om at småbåthamna f_VS2 vert tatt ut av planen. <p>Kulturminne</p> <ol style="list-style-type: none"> 4) Berre ein naustgrunn ved badeplassen er registrert i plankartet. Ber om at begge naustgrunner ved badeviken får omsynssone H570. 5) Heller ikkje kvernhusgrunnane eller stemma er verna i planen. Stemma bør vernast og få omsynssone H570. Dersom vegen kjem i konflikt med stemma, må vegen flyttast. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til etterretning. Badeplassen, tilkomsten til denne, samt parkeringsplass ved fylkesvegen vert regulert som offentleg, slik at ein opnar for innløysing av arealet. Alver kommune må sjølv ta stilling til om det er aktuelt med innløysing og statleg sikring, dette er forhold som må løysast utanfor planprosessen. 2) Delvis teke til følgje. Moglegheita til å føre opp gapahuk er inkludert i planen. Etter enda ein tilbakemelding frå kommunen har ein i tillegg opna for at det kan etablerast stupebrett, hengekøyestolpar, toalettfasilitetar og andre mindre tiltak i tråd med formålet innafor planområdet. Av omsyn til kartlagd blautområde i sjøen utanfor o_GF1 (sjå KU naturmangfold og klima), er moglegheita for etablering av tiltak i sjøstrand teke ut av planen. Dette inkludera gråsteinsmuring i strandsona og handikaprampē/støypt rampe i sjø, badebrygge med universell tilkomst og padleanlegg. 3) Vert teke til følgje. Småbåthamna (kalla f_VS2 i planen som vart lagt ut for offentleg ettersyn) er tatt ut av planen. 4) Vert teke til følgje. Omsynssona er lagt inn i plankartet for begge naustgrunnene. 5) Vert teke til følgje. Stemma/steinbraa er lagt inn med omsynssone H570 i plankartet. Stemma/steinbraa ligg innafor eit område som er regulert som friområde, like aust for ny veg. Ny veg kjem såleis ikkje i konflikt med kulturminnet.
<p>13. Samferdsel, veg-, vatn-, avlaup-forvaltning, Alver kommune 23.09.2022</p>	<p>Avdeling for samferdsel, veg-, vatn- og avlaup-forvaltning i Alver kommune har vore på synfaring i planområdet. Det er utarbeida ein rapport som er sendt inn i forbindelse med offentleg ettersyn og høyring.</p> <p>Avkørsle</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Dagens avkørsle har særstilt sikt mot venstre. Avkørsla må endrast med utforming som tilfredsstiller krava til avkørsle frå offentleg veg før det gis løyve til utbygging i hyttefeltet. <p>Veg mellom fylkesvegen og dagens naustområde</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Vert teke til følgje. Opparbeiding av avkørsla til planområdet er no knytt til IG for utbygging av fritidsbustader. 2) Det er stilt krav om at det i samband med søknad om IG skal føreligge ein vurdering som viser at tilstrekkeleg sikring mot nedfall langs fjellskjeringsar er ivaretatt. Før det kan gjevest IG for nye fritidsbustader skal fjellskjeringsar langs både eksisterande og nye fritidsbustader vere tilstrekkeleg sikra. Vurderinga som skal gjerast vil avklare om det er behov for fysiske tiltak for å avgrense nedfall ved skjeringsane. Det er også stilt krav om at nødvendige utbetringar av tilkomstvegen f_SV2 skal vere ferdigstilt før det kan gjevest IG

	<p>2) Tilkomstvegen til Snekkevika ligg vært tett på vatnet på yttersida og langs fjellskjerdinga med overheng på innsida. Ved synfaring ser ein at vatnet litt heilt inn til dagens vegfylling og det er mange sprekker i fjellsida og potensielle steinsprang. Plan bør vurdera om det bør lagast ein rapport knytt til tilkomstvegen og evt. rassikring før plangodkjenning.</p> <p>3) I anleggsfasen vil det gå tyngre køyretøy langs vegen. Det bør sjekkast at bruva vil tolle denne type transport.</p> <p>4) Det ligg lenser i vatnet utfor elvelaupet, truleg i samband med bygging av ny fylkesveg. Det bør vurderast tilsvarande ved framtidig utbygging.</p> <p>Gangveg bolta til fjell</p> <p>5) Planen har regulert inn offentleg gangveg langs berget mot badevika som ligg innafor. Badevika er svært liten og eignar seg meir for ein kjapp badetur enn for lengre opphold (lite tilgjenge areal for opphold på tørr grunn). Badevika har tilkomst med eigen sti fra fylkesvegen. Tilkomsten er ein natursti og det bør stillast spørsmål til om dette er ei badevik som treng universell tilkomst via gangveg langs berget. Ut frå størrelsen på badevika vil ein offentleg tilkomst langs bergsida tilsei at kommunen sponsrar hyttefeltet med privat tilkomst til badevik.</p> <p>6) Dagens tilkomst via natursti til badevika kan med fordel utbetraast og gjeraast meir brukarvennleg med enkel vegetasjonsrensk og små utbetringer langs stien.</p>	<p>for nye tiltak innafor planområdet. Det vil vere naturleg at vegens tilstand vurderast i prosjekteringsfasen.</p> <p>3) Vert teke til etterretning. Der er naturleg at bruas kapasitet vert vurdert i samband med prosjektering og byggesøknad.</p> <p>4) Vert teke til følgje. Det er sett krav om bruk av lenser og siltduk ved utbetring av tilkomstvegen, for å avgrense eventuelle utslepp frå anleggssarbeidet, sjå § 3.6 g) i føresegna.</p> <p>5) Vert teke til følgje. Gangvegen mellom Snekkevika og badevika er tatt ut av reguleringsplanen.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Reguleringsplanen opnar for at gangvegen kan grusast. Turstien er regulert som offentleg, slik at ein legg til rette for at kommunen kan gjere utbetringer.</p>
14. Statsforvaltaren i Vestland 17.10.2022	<p>Det vart helde eit dialogmøte mellom Statsforvaltaren og Alver kommune den 04.10.2022, og statsforvaltaren har fått frist til å gje samordna uttale 17.10.22.</p> <p>Statsforvaltaren si førehandsvurdering</p> <p><u>Strandsone</u></p> <p>1) I utarbeidingsa av reguleringsplanar må statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø nyttast. Byggegrensa som vart fastsett i kommuneplan må i planarbeidet vurderast opp mot nye retningslinjer (frå 2021). Byggegrensa er sett etter utbyggingsføremål i reguleringsplanen frå 1982, og det er uklart om det er gjort reelle strandsonevurderingar når byggegrensa vart fastsett.</p> <p>2) I planskildringa står det: «For dei tiltaka som ligg utanfor byggegrensa, og innanfor 100-metersbeltet, trer pbl. §1-8 inn.» Statsforvaltaren er ikkje samd i dette premissset. Uavhengig av byggegrense, så gjeld første ledd i plan- og bygningslova § 1-8: «I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser innafor 100-metersbeltet, men meiner at det generelle byggefobdet som er fastsett i pbl. 1-8 ikkje gjeld for dei områda som ligg innafor byggegrensa som er sett i KDP. Byggegrense i revisert planframlegg baserer seg på ein konkret kartlegging av funksjonell strandsone.</p> <p>3) Vert teke til følgje. Biota Naturkompetanse AS har vore engasjert for å gjennomføre ein konkret kartlegging av funksjonell strandsone og omsynssone langs vassdrag i Snekkevika. Fordeling av utbyggingsområde</p>	<p><u>Strandsone</u></p> <p>1) Vert teke til etterretning. Byggegrensa i KDP ser ut til å vere basert på reguleringsplanen frå 1985.</p> <p>2) Ifølgje SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøn gjeld følgande: «Dersom kommunen har åpnet for utbygging og fastsatt byggegrense i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, gjelder ikke lovens byggefobud.». Vi er einig i at det skal visast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser innafor 100-metersbeltet, men meiner at det generelle byggefobdet som er fastsett i pbl. 1-8 ikkje gjeld for dei områda som ligg innafor byggegrensa som er sett i KDP. Byggegrense i revisert planframlegg baserer seg på ein konkret kartlegging av funksjonell strandsone.</p> <p>3) Vert teke til følgje. Biota Naturkompetanse AS har vore engasjert for å gjennomføre ein konkret kartlegging av funksjonell strandsone og omsynssone langs vassdrag i Snekkevika. Fordeling av utbyggingsområde</p>

	<p>3) Byggegrensa må vurderast heilskapleg i planarbeidet. Vurderingane må bygge på ein konkret skildring av verdiane i området og verknadane av planforslaget for desse. Vurderingane som er gjort ser i all hovudsak ut til å vere der planen bryt med byggegrensa i kommuneplanen. Det er ikkje tilstrekkeleg.</p> <p><u>Naust og småbåthamner</u></p> <p>4) Planen har sett av 6 naustområde, der eitt er ferdig utbygd og eitt har eit naust i dag. Dei andre er ubygde. Naustområda ligg spreidd i planområdet. Det er lagt opp til småbåtanlegg, spreidd i 3 område. Bygginga er omfattande og spreidd.</p> <p>5) I tillegg er det allereie gjort inngrep (kai og tilkomstveg til kai) i areal sett av til grøntformål i reguleringsspalen. Det er ikkje omtalt, og det er uklart om dette er lovlege tiltak. Planen skal ikkje utan vidare lovleggjere ulovlege tiltak, men inngrepa må omtala i strandsonevurderingane.</p> <p>6) Statsforvaltaren meiner omfanget av naust og småbåthamner må reduserast og tiltaka må samlast. Dei viser til statlege planretningslinjer som mellom anna seier at tiltak som brygger og naust bør samlast og lokaliserast i tilknyting til andre bygg.</p> <p><u>Fritidsbustader</u></p> <p>7) Gjeldande plan fra 1982 opnar for 6 fritidsbustader, medan det er bygd ein. Planforslaget opnar for 22 nye fritidsbustader. To av fritidsbustadane er i strid med byggegrense mot sjø, sett i KDP og seks av tomteane ser ut til å vere i strid med byggegrensa mot vatnet.</p> <p>8) Det ser ut til at det er plassert hytter ved dei fleste toppane. Det er gjort nokon avbøtande tiltak. Det er ikkje gjort vurderingar av korleis eit redusert antal fritidsbustader, vekk frå dei mest synlege toppane og lengre vekk frå strandsona, ville slått ut på landskapet og grønstruktur.</p> <p>9) Sjølv om det er lagt opp til felles parkeringsplassar 3 stader i planen, skal det likevel byggast vegar fram til nesten alle fritidsbustadane, dei fleste køyrbare. Dette er etter statsforvaltaren sitt syn konfliktfull arealbruk, særleg mtp. at området ligg godt innafor 100 metersbeltet mot sjø og til dels myr.</p> <p>10) Både vegsystem og tal på hytter bør reduserast.</p> <p><u>Naturmangfold</u></p> <p>11) I sjøen utanfor o_GF1 er det eit blautområde, vurdert med middels verdi. Det bør ikkje gjerast inngrep i dette området som forringar naturverdien. Statsforvaltaren er uroa for kva verknad handikaprampen, badebrygge og restaurering av badestrond kan få for blautområdet, og kan ikkje sjå at dette er vurdert.</p>	<p>innafor planområdet, og fastsetting av ny byggegrense har tatt utgangspunkt i kartlegginga.</p> <p><u>Naust og småbåthamner</u></p> <p>4) Vert teke til etterretning. Som følgje av merknaden frå statsforvaltaren har ein no lagt opp til ein løysing der nye naust og båtanlegg vert samla i aust. Eit naustområde og ein småbåthamn (kalle f_BUN2 og f_VS2 i plan til offentleg ettersyn) er teke ut av reguleringssplanen. Naustområdet og småbåthamna aust i området ligg i tilknyting til eit eksisterande naust.</p> <p>5) Vert teke til følgje. Kartlegginga av funksjonell strandsone baserer seg på dagens situasjon, og eksisterande tiltak i området. Kaien som Statsforvaltaren visar til, og tilkomstvegen til denne, er etablert i tilknyting til privat hytte. Planforslaget legg ikkje opp til ein lovleggjering av kaien og tilkomstvegen.</p> <p>6) Vert teke til følgje. Antal fritidsbustader er redusert frå 22 til 21. Ein har også gjort om på lokaliseringa av nokre av hyttetomtane, og forsøkt å få hyttane vekk frå dei mest synlege toppane. Kartlegginga av funksjonell strandsone er lagt til grunn for lokaliseringane av hyttane mot sjø og innsjøen. Ingen av fritidsbustadane ligg innafor området som er definert som funksjonell strandsone. Naustområdet f_BUN2 og småbåthamnen f_VS2 er teke ut av planen.</p> <p><u>Fritidsbustader</u></p> <p>7) Vert teke til etterretning. Som Statsforvaltaren sjølv har poengert må byggegrensa vurderast på nyt, og ein vil derfor ikkje leggje vekt på kva hytter som er i strid med byggegrensa som er sett i KDP.</p> <p>8) Vert teke til følgje. I revidert plan har ein trekt fleire hytter vekk frå dei mest synlege toppane i området. Samstundes har ein tatt ut dei hyttane som ligg tettast på sjøen innafor BFR3. Ein ser at dette er grep som vil redusere fjernverknaden frå hyttefeltet, særleg sett frå sjøen.</p> <p>9) Vert teke til etterretning. Ein har gjort endringar på regulerte vegar. Ein veg (kalla f_SV6 i planen som var lagt ut til offentleg ettersyn) er tatt ut av planen. Vegen som gjev tilkomst til austleg del av planområdet er gjort om til køyrbar gangveg frå parkeringsplassen f_SPAs, slik at inngrepa av denne veggen vert mindre. Det er også gjort justeringar av parkeringsplassen f_SPAs, slik at denne er betre tilpassa terrenget i området.</p> <p>10) Vert teke til følgje. Vegsystemet er redusert, som omtala over. Antal hytter er redusert frå 22 til 21 nye einingar. Nye naustområde m/tilhøyrande flytebrygge er samla i eit område, i austleg del av planområdet.</p>
--	--	--

	<p><u>Marint verneområde</u></p> <p>12) Tiltak 2 meter under sjøen vil vere i strid med verneforskrifta for marint vern av Lindåsosane og Lurefjorden. Planen har føresegna som opnar for utfylling i sjø (§3.6 b og c). dette vil krevje dispensasjon frå forskrifta. Det er uklart kor det vert opna for utfylling, det ser ut som det er BUN2 og 3 og kanskje BUN6 og SGG2, som ar formål ut i sjø.</p>	<p><u>Naturmangfald</u></p> <p>11) Vert teke til følgje. Moglegheita for gråsteinsmuring i strandsona og etablering av handikaprampe/støypt rampe i sjø, badebrygge med universell tilkomst, er teke ut av føresegna.</p> <p><u>Marint verneområde</u></p> <p>12) Det er ikkje planlagt utfylling i sjø, og føresegna som opnar for dette er av den grunn teke ut av planen. Det er søkt om dispensasjon frå verneforskrifta for dei tiltaka som er i strid med forskrifta. Det er innvilga dispensasjon for etablering av reinseanlegg med utslepp av avlaupsvatn i sjø og etablering av flytebrygge. Vedtaket følgjer som vedlegg til reguleringsplanen.</p>
15. Fiskarlaget Vest 11.01.21	<p>Generelle merknader</p> <p>1) Fiskare opplever stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstsområde.</p> <p>2) Gjer merksam på at fiskarar til tider kan oppleve å motta klagar frå bebuarar og fritidsbebuarar. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin hevdvunne rett til å bruke sjøområde i si verksemnd.</p> <p>3) Sjøvern er like viktig for fiskerinæringa, som jordvern er for jordbruk.</p> <p>4) Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandosna blir slik at den kan blende eller vere til blempe for fiske/ferdsel på sjøen.</p> <p>Snekkevika</p> <p>5) Viser til Fiskerdirektoratet sitt kartverktøy kor det er registrert gytefelt og område for passive fiskereiskap i reguleringsområdet i sjø. Det blir òg fiske i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.</p> <p>6) Fiskarlaget Vest har ikkje vesentlege merknader til områdeplanen under føresetnad at den ikkje kjem til hinder for fortsett bruk av fiskeområdet i nærlieken. I tilknytning til fiskeområde må det opplysst om fiskarane sin hevdvunne rett til å bruka sjøarealet.</p> <p>7) Ein føreset at tiltaket ikkje vil føre til negativ innverknad på det marine liv.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning. Området er sett av til fritidsbustad i overordna kommunedelplan. Med unntak av areala rundt småbåthammene og badeplassen, vert sjøarealet innafor planområdet regulert som naturområde i sjø og vassdrag. Tradisjonelt fiske og naturvern er sidestilt innafor området.</p> <p>2) Vert teke til etterretning. Det er vanskeleg å styre bebuarar og fritidsbebuarar sin oppførsel gjennom ein reguleringsplan.</p> <p>3) Vert teke til etterretning.</p> <p>4) Vert teke til etterretning. Det er stilt krav om at det ikkje skal nyttast blendande lyssetjing ved småbåthammene. Detaljar knytt til lyssetjing vil vere relevant i samband med byggesak.</p> <p>5) Vert teke til etterretning. Planen legg til rette for ein småbåthamn som delvis kjem innafor området som er registrert som område for passive fiskereiskap. Utover dette vert sjøarel regulert som naturområde i sjø, der tradisjonelt fiske og naturvern er sidestilt.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Vi kan ikkje sjå at reguleringsa legg opp til tiltak som kjem til hinder for fortsett bruk av fiskeområdet.</p> <p>7) Vert teke til etterretning. Det er utarbeida ein konsekvensutgreiing for naturmangfald i området. Ein kan ikkje sjå at tiltaka ein legg opp til vil ha ein nemneverdig verknad på det marine liv. Sjøarealet er omfatta av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, og det er strenge krav til eventuelle tiltak innafor verneområdet.</p>
Private		
15. Henry Nilsen 03.07.2022	<p>1) Snekkevika badeplass har vært en populær badeplass for bygdefolket i mange 10-år. Ifm. reguleringsplanen av 1985 ble det inngått leieavtale mellom grunneiere i badeviken og Radøy kommune for badeplassen og frimråde. Det ble også inngått en avtale for vedlikehold og ettersyn av badeplassen, og leieavtale med grunneier for parkeringsplassen ved fylkesvegen. Ingen av disse avtalene gjelder lengre, og</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p> <p>2) Vert teke til følgje. Gangvegen mellom Snekkevika og badeplassen er tatt ut av planen.</p>

	<p>både skogsveien ned til badeplassen og selve badeplassen begynner å bli overgrodd med vegetasjon. Ingen har ettersyn med badeplassen i dag, og Bergen og omland friluftsråd har aldri vært involvert i noe som helst vedr. Snekkevika badeplass.</p> <p>2) Meiner at ein ved å legge til rette for tilkomst til badeplassen frå Snekkevika, via deira eigedom, legg opp til det komplette parkeringskaoset. Nilsen motsetter seg derfor å avstå grunn til den planlagte gangveien o_SGG2, og ber om at denne tas ut av planen.</p> <p>3) Stiller krav til at de gamle avtalene fra 1985 må på plass igjen, både når det gjelder avtale om parkering ved fylkesveien, bruk og vedlikehold av skogsveien, leieavtalen for badeviken med tilhørende rekreasjonsområde, og ikke minst tilsyn av badeviken med renhold av toalett og tømming av søppelspann.</p> <p>4) Det eneste tiltaket som planforslaget åpner for ved badeplassen som Nilsen kan godta er restaurering av badestranden, og utleggelse av godkjent merkemateriell som skille mellom badende og båttrafikken i området.</p> <p>5) Eiendom gnr. 495 bnr. 5 er ute for salg, og eierne har en kjøper for hånd. Han er informert om gammel reguleringsplan, samt utkastet til ny plan, og stiller seg 100% bak det som skrives i merknaden.</p>	<p>3) Vert teke til etterretning. Dette er forhold som ikkje kan løysast gjennom reguleringsplanen. Dersom desse avtalane skal på plass igjen, må dette løysast gjennom ein direkte dialog mellom grunneigar og kommunen.</p> <p>4) Vert teke til følgje. Gangvegen o_SGG2 er teke ut av reguleringsplanen. Tilkomst til badeplassen vil vere som ved dagens situasjon, via skogsveg frå parkeringsplassen ved fylkesvegen.</p> <p>5) Vert teke til etterretning.</p>
14. Knut-Arve Kartveit, eigar av 464/79 05.07.2022	<p>Viser til kopi av skriv datert 18. januar 2022 som vart sendt til Arkoconsult og vil koma med fylgjande merknadar til detaljregulering for Snekkevika:</p> <p>1) Ber om at hytta hans vert plassert slik den er i godkjent reguleringsplan 1985. Slik den nye planen viser er hytta delvis plassert utanfor eigedomsgrensa. Tomten er stor nok til at det ikkje kan vera vanskeleg å plassere hytta innfor eigedomsgrensa, som i godkjent plan.</p> <p>2) Eksisterande godkjent plan er det teikna inn gangvegar som i alle år har vore nytta av grunneigarane i området. Desse må teiknast inn i den nye planen slik at ein seinare ikkje kan koma i konflikt med eigarane av dei nye hyttane når gangvegane skal brukast.</p>	<p>1) Vert ikkje teke til følgje. Hyttetomta som er regulert i planen frå 1985 overlappar med automatisk freda kulturminne. Ein hadde ikkje kjennskap til dette kulturminnet i 1985, då gjeldande plan vart utarbeidd og vedtatt. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova §3. Vestland fylkeskommune har undervegs i planarbeidet kome med tydeleg tilbakemelding om at steinalderlokalitetar må takast omsyn til. Ein ser difor at det er heilt nødvendig at delar av føremålet for fritidsbustad kjem utanfor Kartveit sin tomt, dersom ein skal regulere ein hyttetomt innafor gbnr. 464/79.</p> <p>2) Det er regulert nye gangvegar/vegar som gjev tilkomst til alle naustområde og til hyttetomtane. Stiane som er teikna inn i plankartet frå 1985 går i hovudsak gjennom område som vert regulert som grønstruktur, og desse kjem såleis ikkje i konflikt med nye hytter. Det er lagt inn ein føresegns om at eksisterande stiar innafor f_GF5 kan vidareførast.</p>
15. Manger Grunneigarlag v/Arnfinn Halland 26.07.2022	<p>Kjesettjørna er eit av dei tjørna som ligg inn under grunneigarlaget sitt interesseområde. Grunneigarlaget ser no at den utbyggingsplanen som Sijoni Invest har lagt fram medfører inngrep som grunneigarlaget ser som høgst uheldige.</p> <p>1) Bekken frå Vassdalens er heilt vesentleg som gytebekk for ørretten i Kjesettjørna. Utbetringa av den private vegen vil vanskeleg kunne gjerast utan at det vert skade for bekken som gytebekk.</p>	<p>1) Tilsvarande som dagens situasjon vert det bru over bekken. Det er lagt inn ein føresegns som seier at utbetring av vegen ikkje skal skje under gyteperioden for aure.</p> <p>2) Konsekvensar for gyteområdet er vurdert gjennom KU for naturmangfold. Basert på rapporten kan ein ikkje sjå at planarbeidet medfører vesentlege verknader for naturmangfold i området.</p>

	<p>2) Den øvste delen av elva ut av Kjesettjørna, mot sjøen, er gyteområde for fisken i tjørna. Planen legg opp til å byggja ein veg over dette området. Skadepotensialet er uakseptabelt stort.</p> <p>3) Den nye vegen vil medføra så mykje sprenging at det vert eit naturinngrep av ein karakter som ein i slik samanheng som her bør vere spart for i våre dagar. Ikkje minst fordi det frå Haugstad kan førast veg fram som kan leggjast langt meir skånsamt i terrenget, og som samstundes gjer at ein unngår dei ulempene som sterkt auka trafikk medfører for det etablerte båtlaget.</p>	<p>3) Terrenget i området er krevjande, noko som gjer at etablering av ny veg vil medføre nokon terrenгинngrep. Veg over Haugstad vil måtte byggast i eit svært kupert terreng, i eit område prega av tettvaksen skog, noko som vil føre til forholdsvis store terrenгинngrep. Det vil innebere at vegen må byggast i LNFR-område. Det er også registrert automatisk freda kulturminne i området. Det vert på bakgrunn av dette vurdert som eit betre alternativ med tilkomst via Snekkevika/Kjeset, der det allereie er etablert veg tett opp mot utbyggingsområdet. Veg frå Haugstad vil medføre terrenгинngrep over eit mykje lengre strekk.</p>
<p>16. Terje Halland, eigar av gbnr. 464/27 22.08.2022</p>	<p>1) Halland har ein næstetomt (gnr. 464 bnr. 27) i område E2 (gjeldande plan). Denne har bytta farge frå brun (naust) til grøn i det nye planforslaget. Dette kan han på ingen måte akseptera.</p> <p>2) Stiller spørsmål med kvifor desse eksisterande tomtane ikkje er merka inn i det nye plankartet. Meiner desse tomtane må vere dei første som får løyve til å bygge nyast dersom dei ynskjer</p> <p>3) Meiner at dersom ein for seg naust på eksisterande tomtar, i samanheng med dei nye planane for området og strandsona, blir fortettinga altfor stor.</p> <p>4) Når det gjeld badeplassen skulle Halland gjerne sett at den blei stelt til igjen. Men tilkomsten må fortsatt vere via skogvegen som no.</p> <p>5) Er bekymra for dei nye planane om ein stor auke i antal båtplassar i Snekkevika. Halland ser ein konflikt mellom utvida bruk av badeplassen, samstundes som der blir lagt opp til auka båttrafikk med båtar frå hyttefeltet.</p> <p>Kort oppsummert vil Halland seie at det beste for Snekkevika, for badeplassen, for båtlaget og dei som er fastbuande her, og ikkje minst for MILJØET, er at reguleringsplanen frå 1985 blir fortsatt gjeldende.</p>	<p>1) Nausttomten gbnr. 464/27 har eit areal på totalt 47,3 kvm, og største breidde er på om lag 4 m. Storleiken på og forma på tomten gjer at det ikkje er mogleg å føre opp eit naust her utan omfattande inngrep, som utfylling i sjø. Av denne grunn er eigedomen regulert som friområde og ikkje som naust.</p> <p>2) Det er tatt nye vurderingar av kva tomtar som har moglegheit for oppføring av naust i samband med planarbeidet. Nokon av tomtane som er regulert med naustføremål i gjeldande plan er svært små, og dårlig eigna til naustføremål.</p> <p>3) Vert teke til etterretning. Både nausttomtar og antal fritidsbustader er no redusert. Regulerte vegar er også justert for å redusere inngrepa i området. Området er sett at til fritidsbustad i overordna plan, og vi meiner at området toler den fortettinga ein no legg opp til. Det er utarbeidd ein kartlegging av funksjonell strandsone, for å forsikre at utbygginga ikkje kjem i konflikt med funksjonell strandsone – dei områda som står innbyrdes i samspel med sjøen, økologisk, topografisk og bruksmessig.</p> <p>4) Vert teke til følgje. Badeplassen vert regulert som offentleg friområde, og ein legg såleis til rette for at badeplassen kan verte stelt til. Gangvegen mellom naustområdet i Snekkevika og badeplassen er teke ut av planen, og tilkomst til badeplassen vil vere via skogsvegen.</p> <p>5) Vert teke til etterretning. Småbåthamna tettast på badeplassen (f_SV2 i planen som vart lagt ut til offentleg ettersyn) er teke ut av planforslaget. Ein legg no berre opp til regulering av ein ny småbåthamn, aust i området. Trafikk til denne vil ikkje ha negative konsekvensar for badeplassen eller eksisterande småbåthamn inst i Snekkevika.</p>
<p>17. Sofrid Kartveit, eigar av gbnr. 459/1</p>	<p>Kartveit vil som eier av gbnr. 459/1 i Alver kommune og som eier av øvre del av veien fra fv565 til elven og som går videre til båthavnen for Snekkevika Båt og Interesselag, komme med følgende merknader til planen.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning.</p>

24.08.2022	<ol style="list-style-type: none"> 1) Kartveit har fra første møtet 16.06.09 med tidligere utbygger Helge Grindheim, sagt kart i fra at hun ikke vil tillate bruk av veien til flere enn båtlaget og deres familiær, samt de 6 hyttene som er med i reguleringsplanen fra 1985. Dette gjelder også i dag. 2) Med enda flere hytter, vil det bli enda større trafikk både med biler og gående spesielt i sommermånedene. Økende biltrafikk vil derved være på kollisjonskurs med trygghet til de gående. 3) Vegen er en gårdsveg som for nå og for framtiden må nytes til transport av dyr til og fra beite og driftsbygning flere ganger i sommer/høstmånedene. I tillegg benyttes veien til transport av slåttegras, henting av ved, tømmer og gjødsling. I sommermånedene henting av vann med slange og gyllevogn for tørrgjødsel. 4) Kartveit har lest at det kan bli aktuelt med ekspropriasjon av veien dersom utbygger ikke får tilkomst. Synes dette er svært skuffende, tatt i betraktning av tidligere eier av bruket (hennes far) tidligere har måtte gi fra seg mange mål fra gården til kommunal vei og fylkesvei. At Kartveit nå i tillegg kan bli tvunget til å gi ifra seg svært viktig gårdsvei til en privat utbygger, kan hun ikke forstå eller gå med på. 5) Utbygger har kjøpt tomteareal fra Haugstad og bør derved benytte seg av eksisterende vei på Haugstad. 6) Mener området må tas vare på, og ikke forsøpes med veier, hyttebygging og støy fra økende trafikk. 7) Stiller spørsmål til om utbygger med årene kommer til å fortsette utbygging mot sør på Haugstad. Skal veien da belastes med større trafikk? 8) Ber om å få beholde reguleringsplanen fra 1985, at veien for utbygger går over Haugstad, og at badeviken får beholde sin vei som den har i dag. 9) Bruket har 2 næstetomter ved badeviken som fra gammelt av er bytterett mot oppdemming av Kjesettjørna, for vann til kvernhusene. 	<ol style="list-style-type: none"> 2) Planen legg opp til ein utbetring av vegen, blant anna for å ivareta tryggleiken til dei som ferdast i området. Basert på typen busetnad ein legg opp til, i tillegg til at nye einingar er avgrensa til 21, ser ein også at trafikk langs vegen vil vere forholdsvis låg også etter gjennomføring av planen. Trafikkmengd er omtala i planskildringas kap. 5.9. 3) Planen vil ikkje begrense bruken av vegen som gardsveg. 4) Vert teke til etterretning. Ein ynskjer å kome fram til ein felles einigheit knytt til vegrett. Ekspropriasjon av vegrett vert vurdert som einaste løsing dersom ein ikkje kan inngå ein felles løsing. 5) Skissert løysing av veg over Haugstad vil krevje nyetablering av ca. 1500 m veg. Vegen vil måtte byggast i eit svært kupert terren, i eit område prega av tettvaksen skog, noko som vil føre til forholdsvis store terrenginngrep. Det vil innebere at det må byggast ein heilt ny veg i LNFR-området. Det er også registrert automatisk freda kulturminne i området. Utifra ein samla vurdering er tilkomst via Haugstad etter vår meining ikkje eit betre alternativ. 6) Ein er ueinig i at området «forsøplast». Ein har gjennom planarbeidet søkt å legge til rette for ein heilskapleg utbygging. I tillegg til å legge til rette for nye hytter, ynskjer utbygger å legge til rette for tilbod som allmenta skal få nytta av. 7) Det føreligg per no ikkje planar for vidare utbygging mot Haugstad. Dette området er heller ikkje regulert som fritidsbustad i overordna kommuneplan, men som LNFR. Det er såleis ikkje grunn til å tro at framtidig utbygging vert aktuelt. 8) Dersom ein skal legge til rette for utvikling i området er det naudsynt med ein ny reguleringsplan. Som nemnt over er det ikkje aktuelt å regulere veg over Haugstad. Tilkomst til badeviken vert vidareført som i gjeldande plan. 9) Vert teke til etterretning. Det er usikkert akkurat kvar i badevika Kartveit har nausttomtar. Badeviken er regulert som friområde i gjeldande reguleringsplan og KDP. Planforslaget har vidareført føremålet frå gjeldande plan. Etablering av naust vil vere i strid med arealføremålet. Det kan også ha ein privatiserande effekt på badeplassen. Det vert derfor ikkje regulert naustområde i badevika.
18. Snekkevika Båt og interesselag (SBI)	<ol style="list-style-type: none"> 1) Snekkevika båt og interesselag (SBI) ble stiftet i 1982 med godkjent reguleringsplan i 1985. Planen omfatter alle eiendommer i området. Grunneierne avsto 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Teke til etterretning.

29.08.2022	<p>vederlagsfritt grunn til laget. Området ble i hovedsak opparbeidet på dugnad av medlemmene.</p> <p>2) Tilkomst er via eksisterende veg. Denne fremstår som rasfarlig og krever betydelig oppgradering og sikring. Avkjørsel til fylkesvei er ikke i henhold til dagens krav. Veien har ved flere anledninger vært stengt vinterstid pga. overhengende issvuller langs vei. Det er stadig stein nedfall i veg fra skjæringen langs vegen. SBI kan ikke se at det har vært gjort en tilstrekkelig risikovurdering av området langs tjernet.</p> <p>3) Det er allerede trangt i Snekkeviken og ikke store parkeringsmuligheter. Antall parkeringsplasser dekker knapt dagens behov for medlemmer. Spesielt gjelder dette ved utsetting og opptak av båter. Med etablering av kyststi og 22 nye enheter vil det bli konflikt og medføre stor risiko dersom mye folk er i området samtidig.</p> <p>4) Kjesettjørna og omgivelsene rundt består av mye uberoit natur som bør forbli slik den fremstår i dag. SBI meiner ytterligere fortetting i umiddelbar nærhet vil gi en negativ innvirkning på området og naturmangfoldet. Det går gytebekk langs eks. tilførselset, utvidelse av veg kommer tett opp til bekken, kvernhuset og stemmegard. Vegetasjon mot vannet vil bli berørt av tiltaket. Forurensing av vassdraget på grunn av økt trafikk vil være negativt for organismer i vassdraget. Ål (rødlignet) forekommer i Kjesettjørna. Viser også til Statsforvalteren i Vestlands merknad: <i>Fritidsbustadane skal lokalisertast og utformast med vekt på landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk, jf. St.meld. nr. 21 (2004-2005) og rettleiar T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse.</i></p> <p>5) Veg (f_SV4) krever store inngrep i terrenget som ikke godt fram på illustrasjonene. Med uforholdsmessig store skjæringer som vil framstå som sår i terrenget.</p> <p>6) Snekkevika er en trang vik. Med det antall fritidsboliger og båtplasser i tillegg til badepllassen det legges opp til her vil det bli meget trangt og uoversiktlig. Vi ser ofte badegjester svømmer på tvers over viken der båttrafikken også går. Økt aktivitet med båter i nærværet av etablert badeplass blir risikofylt. SBI er bekymret for at det lett kan oppstå uønskede hendelser og ulykker.</p> <p>7) Tilkomst til badeviken må gå via skogsvei som i dag. SBI kan ikke akseptere at det legges opp til kyststi fra vår båtopptreksområde BUN1 til badevik o_GF1. Slik det er lagt opp til nå er det stor sannsynlighet for at badegjester tar enkleste vei ned til båthavn i forbindelse med bruk av badevik. Kaiområdet er ikke tilgjengelig for ikke medlemmer da det er avblåst og sikret med låst port pga. flere tyveri i området.</p> <p>8) I båtlagets vedtekter §7 medlemsrett står følgende: <i>kvart medlem har kun rett til å ha 1 medlemskap, 1 brygge, 1 parkeringsplass og 1 båt i lagets område E1.</i> Utbygger er medlem i båtlaget og er gjort kjent med vedtekten. På bakgrunn av</p>	<p>2) Når det gjeld avkjørselen til fylkesvegen er det lagt inn eit rekkefølgjekrav som sikrar oppgradering av krysset. Regulert kryss oppfyller krava frå vognormalen. Det er stilt krav om at nødvendige utbetringar av eksisterande tilkomstveg f_SV2 skal vere ferdigstilt før det kan gjevest IG for nye tiltak innafor planområdet. Det er også stilt krav om at det i samband med søknad om IG skal føreligge ein vurdering som viser at tilstrekkeleg sikring mot nedfall langs fjellskjeringar er ivaretatt. Før det kan gjevest IG for nye fritidsbustader skal fjellskjeringar langs både eksisterande og nye fritidsbustader vere tilstrekkeleg sikra. Vurderinga som skal gjerast vil avklare om det er behov for fysiske tiltak for å avgrense nedfall ved skjeringane.</p> <p>3) Det er regulert eigne parkeringsplassar i tilknyting til nye fritidsbustader. Her vert det også sett av 10 parkeringsplassar som skal kunne nyttast av allmenta. Dei nye parkeringsplassane vil ikkje vere i tilknyting til naustområdet, og planen vil såleis ikkje ha nokon verknad på parkeringsmoglegheitene ved naustområdet.</p> <p>4) Verknadar for naturmangfold er vurdert gjennom KU for naturmangfold og klima. Rapporten er utarbeidd av Rådgivende Biologer. Rapporten konkluderer med at samla konsekvens for naturmangfold som følgje av planarbeidet er <i>noko miljøskade</i>. Avbøtande tiltak for å verne om naturmangfold er inkludert i føresegna under § 3.6 Miljotiltak. Som eit ytterlegare tiltak har ein også lagt til ein føresagn som seier at utbetring av tilkomstvegen f_SV2 ikkje skal skje under gyteperioden for aure.</p> <p>5) Vert teke til etterretning. Det er utarbeidd nye illustrasjoner som viser terrenget betre.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Båtplassen tettast på badeplassen er tatt ut av planforslaget, og nye hytter vil ha båtplass i austleg del av planområdet, eit godt stykke unna den smale vika. Løysinga ein no legg opp til vil ikkje føre til auka trafikk forbi badeplassen.</p> <p>7) Bolta gangveg er tatt ut av planen.</p> <p>8) Privatrettslege forhold vert i utgangspunktet ikkje teke stilling til her. Men, slik ein leser vedtekten kan ein ikkje sjå at det er begrensingar på bruken av grn. 464 nr. 50 og 88 (regulert som f_BUN5) for oppføring av naust. Vedtekten omhandlar retten til medlemskap, brygge, parkeringsplass og båtplass. Parkering vert løyst med eige parkeringsplass utanfor naustområdet. Det vert ikkje lagt opp til ein auke i båtplassar i tilknyting til/innafor f_BUN5.</p>
------------	--	--

	<p>dette finner SBI det merkelig at utbygger kan legge opp til offentlig bruk av felles naust i området BUN6. Båtlaget kan på bakgrunn av vedtekten ikke akseptere en slik disponering av naust i lagets område.</p> <p>9) Illustrasjoner og situasjonskart viser ikke alle planlagte og allerede oppførte naust. Det er kun noen naust som er tatt med. Dette gjør at planen framstår med en lavere tetthet enn virkeligheten tilsier. Dette gjelder områder BUN4, BUN5, BAV og GF7, dette er naust som er i planen fra 1985. Totalt er det 7 naust som ikke er tatt med i illustrasjoner og kart.</p> <p>10) Situasjonsplan og illustrasjon s. 7 i utbygger sitt planforslag BUN2 viser planlagt nøst med flytebrygge foran med totalt 10 båtplasser. På andre siden ligger badeviken. På illustrasjonene virker sjøområde stort. Oppmålt avstand fra strandlinjen i BUN2 til strandlinjen på holme i badeviken er ca. 60 m. på fjære sjø. Når vi tenker oss at flytebryggen går ca. 20 m ut i sjøen og sikkerhetsmarkering for badeplassen kommer på andre siden blir det begrenset område igjen til båttrafikken. Dette vil medføre stor risiko for uønskede hendelser. Her må vi ha i tankene at de badende ikke alltid respekterer markeringen.</p> <p>11) Snekkeviken båt og interesselag er sterkt kritisk til det nye planforslaget i Snekkevika. Vi mener forslaget er i konflikt med flere hensyn ved å etablere 22 nye fritidsboliger, naust og båtplasser i området. Viser også til tidligere innsendte merknader. Avslutningsvis mener vi at gjeldende plan fra 1985 må bli stående som den er, den er bedre tilpasset forholdene i Snekkevika.</p>	<p>9) Illustrasjonsplanen viser dei tiltaka som utbygger ynskjer å etablere. Eksisterande naust er inkludert i situasjonsplanen og i illustrasjonar. Øvrige naust er ikkje teikna inn, då ein per no ikkje har informasjon om kor det aktuelt med bygging av naust.</p> <p>10) Småbåthamna som vert vist til er teke ut av planforslaget.</p> <p>11) Vert teke til etterretning. Det er gjort justeringar i planforslaget (antal fritidsbustader, båtplassar og naust). Antal hytter er redusert med 1 og vegsystemet er redusert. Ein har også tatt ut ein småbåthamn og eit naustområde frå planen, og heller samlokalisert nye naust og småbåthamn i eit område. Samla sett meiner ein at planen tar omsyn til dei forholda som er på staden.</p>
--	--	---

Endringsskjema: Oppsummering av endringar i planforslaget

Plankart	Føresegn	Planskildring	Andre rapportar eller utgreiingar
<ul style="list-style-type: none"> - Det er lagt inn omsynssone H570 rundt naustgrunnen ved Snekkevikabadeplass og ved steinbru/stemmma ved bekken mellom sjøen og Kjesettjørna - Storleiken rundt omsynssona vest for badeplassen er justert noko basert på innmålingar av kulturminnet - Anna veggrunn langs eksisterande ved f_SV2 er noko justert for å sikre at ein ikkje kjem i konflikt med steinbru/stemmegarden. - Omsynssone H570 rundt arkeologiske minner er justert, slik at det er tilpassa endringar i planforslaget (justeringar av vegar) - Eksisterande avkøyrlar langs fylkesvegen, nord for avkøyrla til Snekkevika, er regulert med eige formål i plankartet. Avkøyrslepilar er teke vekk. - Gangvegen mellom badeplassen og Snekkevika (regulert som o_SGG2 i planen lagt ut til offentleg ettersyn) er teke ut av planen. - Naustområdet regulert som f_BUN2 i planen lagt ut til offentleg ettersyn, med tilhøyrande småbåthamn (f_VS2) og gangveg (f_SGG1), er teke ut av planforslaget. - Tilkomstveg til hytteområde BFR2 (kalla f_SV6 i planen lagt ut til offentleg ettersyn) er teke ut av planen. Vegen er erstatta av ein gangveg (f_SGG3). 	<ul style="list-style-type: none"> - §3.1 e) er lagt til som følgje av merknad frå VLFK. - §3.6 – føresegn som opnar for utfylling i sjø er teke ut av planen. - §3.6 b) er lagt til som følgje av vedtak om dispensasjon frå verneområde frå Statsforvaltaren i Vestland. - §3.6 g) er lagt til som følgje av merknad frå Alver kommune - Samferdsel, veg-, vatn-, avlaup-forvaltning. - §3.6 h) er lagt til som følgje av merknad frå Manger Grunneigarlag. - §4.1.1 b), antal einingar er redusert til 20, som følgje av merknad frå Statsforvaltaren i Vestland. - §4.1.2 er lagt til som følgje av merknad frå BKK. - §4.1.4 a), ordlyden er endra frå <i>skal til kan.</i> - §4.2.1 c) – det er lagt til ein presisering av kven vegane er felles for. - §4.2.2 er oppdatert som følgje av endringar av regulerte vegar (i plankart). - §4.3.1 b), ordlyden er endra frå <i>skal til kan.</i> - §4.3.2 e) er lagt til som følgje av merknad frå Knut-Arve Kartveit. - §4.3.2 f) er oppdatert basert på merknadar Alver kommune - avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit og Statsforvaltaren i Vestland. - §4.3.2 g) er lagt til. - §4.5.1 d) er lagt til/revidert som følgje av endringar av regulerte småbåthamner (i plankart). - §4.5.1 e) er lagt til som følgje av merknad frå VLFK. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vedleggsliste er lagt til. - Kap. 2.3.3, tekst om offentleg ettersyn under kapittel om planprosess er lagt til. - Kap. 3.2 – foto av eksisterande naust er lagt til under kapittel om arealbruk. - Kap. 3.11 – utfyllande tekst om nyare tids kulturminne er lagt til. Det er inkludert biletar av kulturminna. - Kap. 4.2.1 er oppdatert som følgje av endringar i plankart og føresegner. Nye illustrasjonar er lagt til. - Kap. 4.2.2 er lagt til. - Kap. 4.2.4 – mindre endringar i tekst, tilpassa endringar i føresegna. - Kap. 4.2.5 – tekst om f_BUN2, BUN3 og BUN4 er endra. Nye illustrasjonar lagt til. - Kap. 4.3.1 – tekst er endra. - Kap. 4.3.3 – tekst er endra. - Kap. 4.3.4 – tekst er endra. - Kap. 4.4.2 – tekst er endra, tilpassing til endring i føresegna. - Kap. 4.6.1 – tekst er endra. - Kap. 4.7.3 – omtale av omsynssone rundt naustgrunnar og steinbru/stemmegard er lagt til. - Kap. 5.1.1 – tekst er endra. - Kap. 5.1.2 – tekst om naustområde og småbåthamn er endra. - Kap. 5.1.4 – tekst er endra. Kart med funksjonell strandsone og omsynssone for vassdrag er lagt til. - Kap. 5.2 – tekst og figurar er endra. 	<ul style="list-style-type: none"> - Det er gjennomført ein kartlegging av funksjonell strandsone og omsynssone for vassdrag i samband med planarbeidet. Rapport er utarbeidd av Biota Naturkompetanse AS, og følgjer som vedlegg til planen. - ROS-analyse er revidert som følgje av endringane i planen. Risikomatrisa er oppdatert. I opphavleg versjon av ROS-analysen var det ikkje samsvar mellom definisjon av konsekvens og sannsyn i matrisa og elles i rapporten. Dette er retta opp i. - Teknisk vegplan er oppdatert. - Situasjonsplan og illustrasjonar er oppdaterte. - Etablering av flytebrygge med forankring i sjøbotn og etablering av reinseanlegg med utslepp av avlausvatn i sjø er i strid med Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, Alver og Austrheim, og det er derfor søkt om dispensasjon frå forskrifta. Statsforvaltaren har gjeve dispensasjon frå verneforskrifta. - Det er utarbeida eit brannteknisk notat for prosjektet, for å dokumentere at løysingane ein legg opp til for branntryggleik er tilfredsstillande. Brannteknisk notat har vore hos NGIB til uttale. Både brannteknisk notat og uttale frå NGIB følgjer som vedlegg til planen.

<ul style="list-style-type: none"> - Parkeringsplassen f_SPA2 er justert slik at denne er betre tilpassa terrenget i området. - Siste del av f_SV6 (kalla f_SV7 i plan til offentleg ettersyn), frå parkering f_SPA3, er gjort om til gangveg. - Gangvegen ned til naustområdet (f_SGG1 og f_SGG4) er utvida med ein halv meter, slik at gangvegen er køyrbart for personbilar. - Det er sett av eit eige areal som kan nyttast til etablering av nettstasjon (f_BE) - Antal hyttetomtar er redusert frå 22 (23 med eksisterande hytte) til 21 (22 med eksisterande hytte). 20 av hyttane er knytt til tiltakshavar sitt prosjekt. - Avgrensinga av regulerte hyttefelta (BFR1-6 og BRF8) er endra. - Småbåthamna f_VS2 (kalla f_VS3 i planen til offentleg ettersyn) er utvida. - Det er lagt inn byggegrense for feltet BFR8. - Avgreninga av F_BUN2 (kalla f_BUN3 i planen til offentleg ettersyn) er justert mot sjøen. - Traseen for turstien mot Haugstad (vist som illustrasjon i plankartet) er lagt om. - F_BKT er flytta. 	<ul style="list-style-type: none"> - §4.5.3 b) er revidert som følgje av merknad frå Statsforvaltaren i Vestland. - §5.1.1 c) er lagt til som følgje av merknad frå BKK. - §6.1 c) er lagt til som følgje av brannteknisk notat som er utarbeidd. - §6.2 c) – rekkefølgjekrav til opparbeiding av kryss mot fylkesvegen er flytta frå ferdigattest til IG som følgje av merknad frå VLK og SVV. - §6.2 d) er lagt til. - §6.2 e) er lagt til som følgje av merknad frå Alver kommune - Samferdsel, veg-, vatn-, avlaup-forvaltning. - § 6.3 b), rekkefølgjekrav er tilpassa endringar i plankartet. - § 6.3 e) er lagt til som følgje av merknad frå SVV. - § 6.3 – Rekkefølgjekrav knytt til BFR8 er teke ut, slik at denne hytta ikkje er avhengig av tiltakshavar sin utbygging for å få ferdigattest. - § 7 – Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene, er lagt til. 	<ul style="list-style-type: none"> - Kap. 5.4.2 – nye figurar er lagt til. - Kap. 5.6 – tekst om tursti mot Haugstad er lagt til/endra. - Kap. 5.12 – tekst om brannteknisk notat er lagt til. 	
---	---	---	--